



Byggmester Bjørn Rune Kvinge AS  
Kvingebakkevegen 97  
5981 Masfjordnes

Referanser:

Dykkar: ee3b1a1c-9d0a-42b4-8bf3-  
b8ef38b854db

Vår: 21/704 - 21/6822

Saksbehandlar:

Thomas Skår

thomas.skar@masfjorden.kommune.no

Dato:

26.08.2021

## Melding om delegert vedtak - søknad om løyve til opparbeiding av tomter og infrastruktur i Liarinden bustadfelt gbnr 37/87

**Administrativt vedtak. Saknr: 093/2021**

**Tiltakshavar: LBOB Invest AS**

**Ansvarleg søkjar: Byggmester Bjørn Rune Kvinge AS**

**Søknadstype:** Søknad om løyve til tiltak med ansvarsrett etter plan- og bygningslova (pbl.) § 20-1

VEDTAK:

**Masfjorden kommune ved rådmannen viser til plan- og bygningslova § 20-1 og godkjenner søknad om opparbeiding av tomter og infrastruktur i Liarinden bustadfelt gbnr 37/87.**

**Søknad med vedlegg mottatt 10.08.2021 vert godkjent på følgjande vilkår:**

- Tiltaket skal plasserast som vist på situasjonskart mottatt 10.08.2021 i samsvar med reguleringsplan.
- Faktisk plassering av tiltaket må vere målt inn, og koordinatar sendt kommunen før det vert søkt om ferdigattest.
- Det skal gjevast ferdigattest før tiltaket kan takast i bruk.

**Grunngjeving:** Søknaden er i tråd med reguleringsplan for Liarinden bustadfelt.

**Heimel:** Reguleringsplan for Liarinden bustadfelt og plan- og bygningslova § 20-1.

Med heimel i plan- og bygningslova § 23-3 jf. § 23-4 (SØK) / 23-5 (PRO) / 23-6 (UTF) /23-7 (KTR) gjev kommunen godkjenning for følgjande ansvarsrettar:

FUNKSJON	FØRETAK	ORG.NR.	L/S *	TILT.K L.	ANSVAR SOMRÅDE
<b>SØK</b>	Byggmester Bjørn Rune Kvinge AS	954354008	S	1	Ansvarleg søkar
<b>PRO</b>					
Oppmålingsteknisk prosjektering	SH-Oppmåling AS	913864344	L	1	Oppmålingsteknisk prosjektering
Prosjektering av vassforsynings- og avløpsanlegg	Hjelmås VVS AS	988410586	S	1	Prosjektering av vassforsynings- og avløpsanlegg
Prosjektering av veg, utearealer og landskapsutforming	SH-Oppmåling AS	913864344	L	1	Prosjektering av veg, utearealer og landskapsutforming
<b>UTF</b>					
Innmåling og utstikking av tiltak	SH-Oppmåling	913864344	L	1	Innmåling og utstikking av tiltak
Vassforsynings- og avløpsanlegg	Hjelmås VVS AS	988410586	S	1	Vassforsynings- og avløpsanlegg
Veg og grunnarbeider	Frode Haugsvær Maskin AS	985442320	S	1	Veg og grunnarbeider

\*S = Sentral godkjenning, L = Lokal godkjenning

Det er en føresetnad for vedtaket at føretak og personar som ikkje har sentral godkjenning har utarbeidd og teke i bruk føretakssystem i medhald av SAK kapittel 10.

#### Mynde

Saka er handsama og avgjort administrativt i medhald av delegert mynde, jf. kommunelova § 23 nr 4 og gjeldande delegasjonsreglement.

#### Klage

Vedtaket er eit enkeltvedtak etter reglane i lov om offentleg forvaltning (fvl). Vedtaket kan klagast på til kommunen, jf. fvl. §§ 28-36. Klagefristen er 3 veker frå melding om vedtak er motteke. Det er nok at klagen er postlagt innan fristen går ut. Klagen skal sendast skriftleg til kommunen. I klagen skal det gå fram kva det vert klaga på i vedtaket, og kva endringar ein ønskjer. Klagen skal grunngjevast.

#### Ansvar

Tiltakshavar er ansvarleg for at byggverket vert oppført i tråd med føresegner gjeve i eller i medhald av plan- og bygningslova, jf. pbl. § 23-1, 2. ledd. Om søknaden er i strid med offentlege føresegner gjeld føresegnene føre løyvet. Vedtak etter plan- og bygningslova inneber ikkje avgjerd i privatrettslege tilhøve, jf. pbl. § 21-6.

#### Bortfall av løyve

Om byggearbeidet ikkje er sett i gang innan 3 år etter at dette løyvet er gitt, eller vert innstilt i lengre tid enn 2 år, fell løyvet bort, jf. pbl. § 21-9. Dette gjeld også dispensasjonsløyvet.

## Avfall

Alt avfall som tiltaket fører med seg skal leverast til mottak godkjent av forureiningsstyresmakta.

## Ferdigstilling

Tiltaket skal avsluttast med ferdigattest, jf. pbl. § 21-10 og SAK § 8-1. Ingen delar av byggverket må takast i bruk før ferdigattest eller mellombels bruksløyve ligg føre.

Sluttdokumentasjonen skal vise at tiltaket er utført i samsvar med løyve og føresegner gjeve i eller i medhald av plan- og bygningslova. Om det er justeringar i tiltaket i høve til løyvet som ikkje krev søknad om endring, skal ansvarleg søkjar seinast ved søknad om ferdigattest sende oppdatert situasjonsplan og teikningar til kommunen. Ved søknad om ferdigattest skal søkjar stadfeste at høveleg dokumentasjon for forvaltning, drift og vedlikehald er overlevert byggverket sin eigar. I tiltak der det er krav om avfallsplan eller miljøsaneringsutgreiing skal sluttrapport som dokumenterer faktisk disponering av avfall leggjast ved søknad om ferdigattest.

Når det står att mindre vesentlege arbeid kan kommunen gje mellombels bruksløyve for heile eller deler av tiltaket. I søknad om mellombels bruksløyve skal søkjar identifisere attståande arbeid, stadfeste at byggverket har tilfredsstillande tryggleik, og sette tidspunkt for ferdigstilling.

Oppdatert gjennomføringsplan skal alltid leggjast ved søknad om ferdigattest/mellombels bruksløyve.

Før det vert gjeve ferdigattest/mellombels bruksløyve for tiltaket må følgjande ligge føre:

- Faktisk plassering av tiltaket må vere målt inn, og koordinatar sendt kommunen.

## Gebyr

Med heimel i plan- og bygningslova § 33-1 og Lokal forskrift om gebyr for teknisk forvaltningsteneste vert det følgjande gebyr i saka:

Kode	Skildring	Tal	Sum
10.2.5	Basisgebyr konstruksjonar og anlegg	1	9600,-
	Totalt gebyr å betala		9600,-

Gebyret skal vere betalt innan 30 dagar rekna frå fakturadato og før arbeidet kan setjast i gang, jf. pbl § 21-4 (6).

## Klage

Gebyr for teknisk forvaltningsteneste er fastsett ved forskrift. Det er ikkje høve til å klage over ei forskrift, jf. forvaltningslova §§ 3, 28 og 40. Det kan difor ikkje klagast over at det vert kravd gebyr, eller over storleiken på gebyret. Det kan klagast over kva punkt i regulativet gebyret er rekna ut i frå. Klage skal vere grunngjeven.

## Med helsing

Roald Kvingedal  
teknisk sjef

Thomas Skår  
sakshandsamar

*Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur*

## Mottakarar:

Byggmester Bjørn Rune Kvinge AS	Kvingebakkevegen 5981 97	Masfjordnes
Lbob Invest AS	Myrdalsvegen 42J 5130	NYBORG



Jf reguleringsplan for Liarinden § 2.3.1 skal VA-plan godkjennast av kommunen før det vert gjeve byggjeløyve i planområdet. Godkjenning ligg føre i sak 21/672.

**4. Vurdering**

Byggmester Bjørn Rune Kvinge AS vert godkjent som ansvarleg søker for tiltaket, og er ansvarleg for at alle oppgåvene er belagt med ansvar. Tiltakshavar er ansvarleg for at byggverket vert oppført med føresegner gjevne i eller i medhald av plan- og bygningslova. Det skal gjevast ferdigattest før tiltaket kan takast i bruk.

**5. Konklusjon**

Søknad om løyve til opparbeiding av tomter og infrastruktur i Liarinden bustadfelt gbnr 37/87 vert godkjent som omsøkt, jf.vedtak.